



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

# FRILUFTSLIV

## Presten



Der klippa møter storhavet. Djupfjorden ved Henningsvær i Lofoten, med Prestens elleve taulengders vestvende vegg. Foto: Kjell Ove Storvik

### TUREN

**D**u kan ikkje kalle deg klatrar før du har klatra Presten. Dei seier så i Lofoten.

Denne stolte klippa som tronar majestetisk bak Henningsvær, har sidan Arild Meyer og Brynjar Tollefsen fyrste gong fann vegen opp i 1978, vore som flugepapir på klatrarar. Frå heile verda, nær sagt. Og omgivnadene gjer det ikkje mindre interessant å kome hit. Fjell og storhav. Fisk og kultur. Sandstrender og ljose sumarnetter. Ingen oljeplattformer.

Presten er meir vedvarande enn vanskeleg, om du skjønar kva eg meiner. Du må vere røynd og uthaldande, men treng ikkje nett vere akrobat. Det er ein lang tur i veggjen – og du kan altså

ikkje kalle deg klatrar før du har gått han.

Det var pinse, for meir enn tretten år sidan. Eg hadde vore fleire turar til Lofoten denne våren, som kom tidleg dette året. Men i pinsa måtte me ned att. Då var det klatresamt her – det nordnorske fjellfolket samla seg for treff i Henningsvær.

Sola skein, klippa var varm og klatringa flaut lett. Eg var i form. Det var fleire klatrelag over oss i veggjen – og under oss kom, av alle ting, ein båt med orkester om bord. Det var bluesfestival i Henningsvær, og formiddagskonsert på havet var ein del av laurdagsprogrammet. Ferdig med den fyrste taulengda vart eg ståande å sjå utover og lytte til musikken. Det er ikkje mange

plassar som Lofoten, tenkte eg, medan kompisen min førde tauet vidare opp i veggjen. Me var eit godt lag. Dette kom til å gå fort. Om ikkje mange timane var me nede på klatrekafeen med friske dropar i glaset.

Av ein eller anna merkeleg, og ikkje minst lite logisk grunn, får eg ofte «Like a Rolling Stone» på hjernen når eg klatrar bra. Rett nok i Dylans originalversjon, men er det noko du ikkje ynskjer når du strevar deg opp ein fjellvegg, så er det rullande steinar. Men Dylans særeigne stemme forsvann raskt då eg i femte taulengd vart treft av dei fyrste regndropane. Me visste sørvesten var på veg, men hadde håpa å nå toppen før han trefte land. For når sørvesten fyrst kjem, blir du

blaut. Slik er det i Lofoten.

«Eg kjem ned», ropa eg resolutt til kompisen min, medan eg sette eit feste i fjellet. Like etter var me ved den etablerte rappellruta som går frå midten av veggjen. Regnet kom i strie straumar. Bluesmusikken og sola verka som ei evigheit unna. Heldigvis vart me fyrst. Over oss stod fem lag og venta i tur og orden.

Eg var femti meter over bakken då det skjedde. Det hogg framleis i meg når eg tenkjer på det. Og det gjer eg ofte. Eit bulder eg truleg aldri har opplevd maken til. Stein! ropar eg i refleks og legg meg langflat inn mot veggjen. Det høyrest og kjennest som heile fjellet rasar saman. Eg skottar til side – og ser noko eg aldri kjem til å gløyme.

Fyrst ei diger blokk – så eit menneske i fritt fall.

Eg kjem meg ned den siste taulengda, medan eit einaste spørsmål kvernar: Kven? Eg kjenner alle i veggjen. I det eg når bakken, kjem den tunge meldinga: «Det er Pål.»

Det skjer i meg. Nei! Nei! Nei! Kvifor? Eg har mista min gode ven Pål Caspersen. Kvifor! Det er meiningslaut. Den store blokka han festa tauet i, byrja å gli. Ingen ville trudd det, men ho gjorde det. Så vilkårleg kan denne sporten vere. Så vilkårleg er dette livet. For Pål var det slutt. Me andre som var i veggjen saman med han den dagen, skjøna at livet aldri kom til å bli heilt det same.

HARALD DAG JØLLE



### SITATET

«Stå vakt om naturen! Slå angrepet ned! Dem opp mot de hissige hjerner!»

Theodor Caspari

## Trollveggen-dressen

### GAMALT TURUTSTYR

Det kan verke rart at Gore-Tex-jakka blir omtala i kategorien «gamalt utstyr». Men om bilar blir «veteran» når dei passerer tretti år, kan vel også dette romfartstekstilet bli det. Det er altså ein mannsalder sidan Norrøna, i 1977, som dei fyrste i Europa laga eit skaldele med stoffet som Bill Gore hadde utvikla i 1972, og som skulle vere det fyrste stoffet i verda som

både var vind- og vasstett og samstundes slepper luft ut. Gore hadde sidan 1950-åra arbeidd med å utvikle teflonstoff som skulle betre eigenskapane for elektroniske produkt. Og i 1969 kom produktet hans til månen då Neil Armstrong installerte seismografisk utstyr med ein nyutvikla tynn, lett kabel som toler høg temperatur.

I 1979 designa Tomas Carlström ei jakke og bukse

for Norrøna som vart kalla Trollveggen og som i ein periode var Noregs mest selde Gore-Tex-plagg. Dei vart sydd til den fyrste vinterbestigninga av «Jubileumsruta», austpilaren, på Store Midtmaradalstind. Og året etter, i februar 1980, nytta Håvard Nesheim, Ketil Svanemyr og Hans Christian Doseth denne dressen då dei som dei fyrste greidde «Svenskeruta» i Trollveggen vinterstid.



Tre år etter at astronautane i romferja «Columbia» fekk romdrakter i Gore-Tex, nyttar Stein P. Aasheim klede sydd av dette høgteknologiske stoffet i Himalaya i 1984.

Fugle-  
perspektiv

## Helmer Hanssen (1870–1956)

## BIOGRAFIEN

Helmer Hanssen frå Andøy i Vesterålen står som ei kjempe i norsk polarhistorie. På tre ekspedisjonar – Nordvestpassasjen, Sørpolen og Nordaustpassasjen – var han ein av Roald Amundsens utvalde menn, inn-til han rauk ukklar med sjefen og forlét «Maud» i 1920.

Hanssen hadde ei klassisk nordnorsk polarskolering. Tolv år gamal drog han på fiske i Lofoten og Finnmark. I 1894–97 var han på ishavsfangst etter nebbkval, kvitfisk og sel. I 1896 opplevde han festen i Tromsø då Nansen og «Fram» kom heim frå Polhavet – og forstod at Ishavet kunne vere noko meir enn ein arbeidsplass der ein tente til livsopphaldet.

Han tok styrmannssertifikat og på tilråding frå apotekar Frits Zapffe, far til filosofen og fjellklatraren, vart Hanssen hyrd av Amundsen for å segle «Gjøa» gjennom Nordvestpassasjen i 1902.

Høgdepunktet i Hanssens polarkarriere må tvillaust ha vore då han 14. desember 1911 stod på



Helmer Hanssen i Antarktis. Han vart seinare spurd om kva som var så lokkande med polarområda: «... det å utføre noe som aldri før er gjort, det å prøve sine krefter mot naturens største krefter og overvinne dem, det å vise at en selv er overlegen ytre omstendigheter, så som mørke, kulde, storm, frykt, det å leve et fritt liv hvor alle mann er like i kraft av sin egen dyktighet og ikke i kraft av fødsel, eksamen og kunstige fordeler ...»

Sørpolen. Sjølv tala han rett nok ganske nøkternt om hendinga. Då NRK ein gong langt seinare intervjuar han om kva han tenkte på då han stod og heldt rundt det norske flagget, venta journalis-

ten seg ein symboltung refleksjon om fedrelandet, Gud eller kongen. Men svaret var meir jordnært: «Æ tenkte på», sa Helmer Hanssen, «at under heimturen har vi medvind».

## manepe.no

## NETTSTADEN

Marius Nergård Pettersen. Merk deg namnet om du ikkje alt kjenner han. Han er fotograf, skribent og profesjonell turidiot, som det står på nettstaden *manepe.no*, som etter logoen skal vere for friluftsliv, foto, tekstar, bøker, store prosjekt, fjell, skog, røyndom, fantasi, forståing, draumar, idear, utferdstrong og stilla etterpå.

Pettersen er ein god skribent og tek flotte bilete. Han har gjeve ut fleire turbøker og fekk i år den fyrste Helge Ingstad-prisen. Juryen var imponert over korleis Pettersen «evner å skape levende fortellinger om ofte helt enkle naturopplevelser».

Pettersen har nettopp landa på Gaustadtoppen, som var endestasjon på den siste av turane i prosjektet «Oslos nære villmark», der han har gått seks månadslange turar sidan mars i fjor. Målet har vore å vise dei flotte friluftsmoglegheitene i området rundt hovudstaden. Pettersen har to reglar for turane sine: 1) All overnatting skal skje utanørs. 2) All transport skal skje utan bruk av hjul eller motor. Elles er det meste lov. Det har vore morosamt å fylgje bloggen frå turane. Eg gler meg til boka kjem seinare i haust.



Havhesten heng gjerne rundt skip. Uheldigvis heng han fort på lina òg. Foto: Andreas Trepte / Wikipedia

Utan  
livline

Havhesten liknar på ein måse, men det har meir for seg å sjå på han som ein liten albatross.

I ordenen stormfuglar finn vi alt frå nevestore stormsvaler til seglflyliknande albatrossar. Stormfuglar går berre i land for å ruge. Elles er dei laga for eit liv på sjøen, til dømes drikk dei sjøvattn og skil ut saltet i eit røyrt over nasen.

Vi har ikkje albatrossar i Noreg. Men vi har havhesten – eller kjalken, som fiskarane har brukt å kalle han. På same vis som dei svære slektningane i sør held han vengene beint ut, og om det blæs, treng han ikkje slå med dei – han berre seglar i veg. Dess meir vinden frisknar, dess lettare flyg han. Du finn han på ope hav, der han et reker og annan sjømat.

Havhesten er òg svak for godbitane som flyt etter fiskefartøy. Dessverre ser han ikkje skilnad på fiskeavfall og lineagn, og brått heng han på kroken som skal ned i djupet. På eit år druknar tusen havhestar i det norske fisket etter blåkveite, meiner forskarane.

Men går han klar av lina, kan kjalken få meir enn førti gode år på sjøen.

## SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.



Mannen og fjellet: Jostein Aasen og Store Skagastølstind.

## Storen

## REKORDEN

Jostein Aasen har sett ein sterk rekord i Jotunheimen. Han har vore 155 gonger på den 2405 meter høge Store Skagastølstind, Storen. Fjellet er det tredje høgste i landet, og det høgste av dei fjella du må klatre for å kome opp. Det har lenge ryktast at Aasen var i ferd med å setje denne rekorden.

Men den smålåtne sogningen har snakka hendinga ned. For det fyrste er han ikkje heilt sikker på kor mange gonger den førre rekordhaldaren, fjellføraren Ola Fuglesteg, eigentleg var på toppen. Det var lenge ei sanning at han hadde vore der 151 gonger før han døydde i 1953. Dei siste undersøkingane tyder derimot på at han var der 155 gonger, og i så fall har Aasen berre tangert rekorden. For det andre tykkjer Aasen ikkje bedrifta er så imponerende. Læraren er nemleg òg fjellfører. «Det er mange andre arbeidstakarar som har møtt på jobb 150 gonger», er Aasens kommentar, «utan at avisa skriv om det».

## Sjølvpålagde lidningar i grisgrendte strok



## Indian summer

Hare eller rype til middag? Eg hugsar ikkje heilt om det var jakta som starta tidleg dette

året – eller om det berre var haustvêret som var så godt. Det var i alle høve rikeleg

med vilt i Canada på 1990-talet.

VEGARD ULVANG